

Rapport om målbruk i offentlig teneste 2011

Om rapporten	3
Forklaring til statistikken	3
Resultat.....	3
Nettsider.....	3
Figur 1: Gjennomsnittsprosent nynorsk på statlege nettsider 2008-2011.....	4
Korte tekstar og papirtilfang	4
Figur 2 2: Talet på statsorgan som oppfyller krava i papirtilfang 2008–2011	5
Skjema	5
Figur 3: Talet på statsorgan som har skjema på begge målformer 2008–2011	5
Klagesaker	6
Figur 4: Talet på klagesaker 2008–2011	6
Særleg om tilfang til bruk i skulen	7
Oppsummering av målbruken i staten i 2011.....	8
Tiltak i 2012.....	9
Seminar om nynorsk i staten.....	10
Andre tiltak.....	10
Fleire rapporteringspliktige statsorgan.....	10
Vedlegg: Orientering om målbruksrapportering til Språkrådet.....	12

Om rapporten

Språkrådet fører tilsyn med målbruken i sentrale statsorgan under departementsnivå, på oppdrag frå Kulturdepartementet. Føremålet med tilsynet er å sjekke i kva grad statsorgana oppfyller krava i *lov om målbruk i offentleg teneste* (mållova). Denne rapporten inneheld tal frå 149 statlege etatar.

Fristen for å levere rapport var 31. januar 2012, men ein god del statsorgan leverte rapporten for seint. Språkrådet sende ut to purringar; den fyrste i juni 2012, og den siste i september. Den siste purringa gjekk direkte til direktøren og den kommunikasjonsansvarlege i statsorgana som ikkje hadde levert. Trass påminningane var det 21 statsorgan som ikkje leverte rapport for 2012. Språkrådet kjem til å ta opp saka med dei aktuelle overordna departementa.

Informasjonen i denne statistikken er hovudsakleg basert på tala i tilbakemeldingane, men òg på inntrykket av målbruken gjennom følgjebrev som mange statsorgan sender med rapportane.

I tillegg til rapporteringsordninga handsamar Språkrådet klagar på brot på mållova. Klagane er omtala i ein eigen del i denne rapporten.

Forklaring til statistikken

I dag er i praksis det meste av informasjonen frå statsorgan elektronisk, men tilsynet er likevel delt inn i kategoriane *korte tekstar 1-10 sider* (pressemeldingar, annonsar osv.) og *papirtilfang over 10 sider* (store rapportar). Tilsynsarbeidet har vist at sosiale media er ein stadig viktigare del av kommunikasjonen i staten. Frå 2012 blir det difor ein eigen kategori i rapporterings skjemaet.

Alle statsorgan har ein nettstad og er såleis representerte i den kategorien. Når det gjeld dei andre kategoriane, er det ein del statsorgan som ikkje rapporterer om tilfang.

Resultat

Nettsider


Nettsidestatistikken er gjort med Google-søk. Statsorgana søker sjølve på ordpara ikkje/ikke og frå/fra, og får då forholdstalet mellom dei. Google-søket gjev oss eit grovt bilete av fordelinga mellom målformene på statlege nettsider. Statistikken er berre ein del av biletet, og han viser t.d. ikkje om statsorgan har begge målformene synlege på framsida, som Språkrådet legg vekt på i tilbakemeldinga til statsorgana.

I denne rapporten gjeld statistikken for alle nettstadene til saman. Statistikken kan ikkje reknast per statsorgan, for ein del statsorgan har fleire enn ei nettside. For å finne stoda hjå dei einskilde etatane, viser me til samlerapporten.

Statistikk

Målbruken på statlege nettstader er framleis langt under vekslingskravet – i gjennomsnitt 11,8 % nynorsk i 2011. 61 statsorgan har mindre enn 5 % nynorsk på nettstaden, medan 31 statlege nettstader oppfylte krava i mållova i 2012 (hadde minst 25 % nynorsk). Tabellen viser at målbruken

dei siste åra har vore ganske uendra, og at mange statsorgan ikkje har hatt nokon særleg framgang. Sjølv om ein del statsorgan kan vise til positive tendensar, er det likevel ikkje nok til å få store, positive utslag på statistikken.



Figur 1 Gjennomsnittleg prosent nynorsk på statlege nettstader

Nettsider har lenge vore ein viktig del av kommunikasjonen ved statsorgan, men det ser ut til at mange statsorgan har vanskar med å etablere gode rutinar for målbruk. Til dømes er det ganske mange som har ei dårleg veksling mellom målformene nyheitssaker. Somme statsorgan viser framgang, men det er ofte vanskeleg å kome over lovkravet, særleg for dei etatane som har store nettstader. Det er likevel verd å merke seg at ein del statsorgan har gjort ein innsats dei siste åra, som ikkje alltid viser att i statistikken.

Hjå statsorgan som har fleire nettstader, blir gjerne berre ein av dei blir prioritert. Det gjeld då gjerne hovudnettstaden, som har vore i drift lengst. Det er ei utfordring for Språkrådet å fange opp dei nye nettstadene statsorgana etablerer, for det er ganske vilkårleg om dei blir rapporterte om. Mange av dei nyetablerte nettstadene er mykje brukte, publikumsretta nettsider, så det er viktig at dei blir førte tilsyn med.


Korte tekstar og papirtilfang

Statsorgana held sjølve teljinga med korleis målformene er fordelte i desse kategoriane.

Statistikk

I korte tekstar 1-10 sider er det litt fleire statsorgan som oppfyller krava i mållova i 2010. I snitt var det 16,5 % nynorsk i desse tekstane i 2011. 49 dei statsorgana som har rapportert, oppfyller krava. Språkrådet ser at somme statsorgan skriv tilfanget i denne kategorien i begge målformene, noko som ikkje er i tråd med likeverds- og jamstillingsprinsippet i mållova (§ 1).

Når det gjeld kategorien papirtilfang over 10 sider, er utviklinga sidan 2010 mindre positiv. 41 statsorgan oppfyller lovkravet, og snittprosenten nynorsk var på 12,8 %.




Figur 2 Talet på statsorgan som oppfyller krava i mållova i korte tekstar 1-10 sider og papirtilfang over 10 sider

I kategorien "papirtilfang over 10 sider" er det ein god del statsorgan som ikkje rapporterer om tilfang. Blant dei som gjer det, er det ein god del som er nær ved å oppfylle eller oppfyller krava i mållova, medan det òg er mange som (nesten) ikkje vekslar i det heile. Det inneber at det er færre i midtsjiktet enn i dei andre kategoriane. Noko av årsaka er nok at det ofte er mindre tilfang i denne kategorien enn i dei andre, særleg jamført med nettsider, og såleis at kvart dokument får stor innverknad. I tillegg viser tala over tid at fleire statsorgan har etablert rutinar for veksling i desse kategoriane enn på nettsidene, der det er få faste tekstar.

Skjema

Totalt ligg 1737 av 2652 skjema føre i begge målformene.



Figur 3 Talet på skjema som ligg føre i begge målformene, i prosent


I denne kategorien ser me ein kraftig framgang sidan i fjor, så det er positivt. Det er likevel framleis mange skjema som berre ligg føre på ei av målformene.

Talet på innrapporterte skjema varierer ein god del frå år til år, og i denne kategorien reknar me difor med at ein del statsorgan anten over- eller underrapporterer. Mellom anna kjenner me til at somme

statsorgan berre fører opp dei tradisjonelle skjema som finst i papirversjon, og ikkje skjema som ligg i elektroniske portalar osb.

Klagesaker

I 2011 fekk Språkrådet inn 164 klagesaker. Såleis held det totale talet på klagesaker fram med å stige, slik me har sett dei siste åra.



Figur 4 Talet på innkomne klagar

Språkrådet har ikkje gjort ei grundig undersøking av korleis klagane er fordelte, men rapporteringsordninga gjev likevel eit visst inntrykk. Nedanfor følgjer likevel ei inndeling av kva dei fleste av klagane gjeld:

1. "Statsorgan som har heile landet som tenestekrins, skal syte for at rundskriv, kunngjeringar, informasjonstilfang o.l. som organet lagar, vekslar mellom målformene slik at det blir ei rimeleg kvantitativ fordeling mellom dei", "tilfang med særleg tilknytning til ein kommune skal vere i den målforma kommunen har kravt" og "skjema skal liggje føre og vere tilgjengeleg i begge målformene" (§ 8, fyrste, tredje og fjerde ledd)

Dårleg veksling på nettsidene, feil målform i lysingar som gjeld ein kommune og skjema som ikkje ligg føre eller er tilgjengelege i begge målformene

2. "Statsorgan som har eit geografisk avgrensa område som tenestekrins, skal syte for at rundskriv, kunngjeringar, informasjonstilfang o.l. er i fleirtalsmålforma for området (§ 8 andre ledd)

Regionale statsorgan brukar ikkje tenestemålet sitt

3. "Statsorgan skal svare på skriv frå private rettssubjekt i den målforma som er nytta i skrivet" (§ 6 fyrste ledd)

Statsorgan svarar på skriv frå privatpersonar på nynorsk, på bokmål. Me får òg klagar på at det skjer etter at klagaren har gjort merksam på at han/ho krev svar på nynorsk

Dei fleste klagane gjeld store statsorgan med mykje publikumskontakt. (Språkrådet vil likevel leggje til at det ikkje er grunn for å tru at det skjer færre brot ved mindre statsorgan.) Omfanget av klagar viser at tilsynsordninga ikkje er ein garanti for at statsorgan kjenner reglane i mållova. Eit hovudintrykk er at mållova ofte blir gløymt når nye nettstader/prosjekt blir starta. Det ser såleis ut til at rundskrivet Språkrådet sende ut i 2011, ikkje har gjeve det resultatet me hadde håpa på.

Fire av klagane som kom inn, galdt manglande eksamen på nynorsk, noko som er ein god del færre enn vanleg. Språkrådet trur likevel ikkje at det er nokon grunn til å tru at det skjer færre brot på mållova som gjeld eksamensoppgåver.

Særleg om tilfang til bruk i skulen

I 2011 har Språkrådet òg behandla nokre klagesaker som gjeld tilfang til bruk i skulen. Bakgrunnen er tilbakemeldingar frå foreldre/lærarar ved skular som har nynorsk som opplæringsmål, som opplever at regelverket ikkje sikrar dei tilfang på nynorsk. Nokre av klagane gjeld mållova, medan andre gjeld opplæringslova. I saker som gjeld opplæringslova, har Språkrådet berre gjeve fråsegn, ettersom Utdanningsdirektoratet er klageorgan.

Klagane viser klart at det skjer langt fleire brot på mållova enn me fangar opp gjennom rapporteringsordninga. Særleg i løpet av det siste året har Språkrådet registrert at stadig fleire statsorgan brukar sosiale medium, i hovudsak Facebook og Twitter, til å få kontakt med publikum. Både publikum og Språkrådet har lagt merke til at dei ikkje vekslar mellom målformene i desse media. Så langt har ikkje desse kanalane vore ein del av rapporteringsordninga, men det blir dei frå og med rapporteringsåret 2012.

Oppsummering av målbruken i staten i 2011

Sjølv om me ser positive tendensar, er det totalt sett liten framgang i målbruken i staten i 2011. Inntrykket til mållovstilsynet er at nokre statsorgan tek til seg tilbakemeldingane dei får gjennom målbruksrapportane, medan det hjå mange er liten framgang å sjå. Språkrådet har god erfaring med å kome i ein dialog med statsorgana, slik at rapporteringa ikkje blir den einaste kontakten etatane har med tilsynsorganet. Det ser ikkje ut til at nynorsk kursa Språkrådet arrangerer, har synleg effekt på målbruksstatistikken.

Korrespondansen med statsorgana tydar på at det nærast er uvanleg å utvikle nye nettportalar/nettstader med innhald på bokmål og nynorsk på same tid. Det fører til at nynorskutgåva ofte ikkje er på plass før fleire år etter lanseringa. Språkrådet har i desse sakene vist til at ein slik praksis ikkje er i tråd med jamstillingsparagrafen i mållova (§ 1), og føringar i rundskriv frå Kulturdepartementet dagsett 7. august 2012.

Kvifor har mange statsorgan ei dårleg veksling mellom målformene? Språkrådet har ikkje gjort konkrete studiar, men ut frå kontakten med statsorgana gjennom tilsynsordninga, er dette hovudintrykka:

- Manglar leiarar som tek ansvar
- Manglar tilsette som kan nynorsk
- Manglar rutinar for målbruk i kvardagen og ein plan for målbruk

Tiltak i 2012

I tillegg til saksbehandlinga har Språkrådet kurs og føredrag som skal gjere statsorgan betre i stand til å følgje krava i mållova.

Seminar om nynorsk i staten

Språkrådet arrangerte seminar om nynorsk i staten i mars 2012. Arrangementet var eit samarbeid mellom språktenesta for statsorgan og mållovstilsynet. Eksterne innleiarar fortalde korleis dei arbeider for å oppfylle krava i mållova. Språkrådet orienterte om kurs og hjelpemiddel. Det var rundt 50 deltakarar på seminaret, og tilbakemeldingane var gode. Deltakarane gav tilbakemelding om kurset og kva dei ønskjer seg av Språkrådet frametter, t.d. typar kurs. Ein del sa seg til dømes positive til opne kurs, så Språkrådet kjem til å tilby det, i tillegg til dei tradisjonelle adopsjonskursa.

Andre tiltak

På seminaret lanserte Språkrådet brosjyren "Nynorsk i staten. Reglar og råd", som er ei samanfatting av reglane i mållova, med gode råd for korleis statsorgan bør arbeide med målbruk. Målet med brosjyren er fyrst og fremst at statstilsette skal kjenne reglane i mållova betre, og i samband med tilsynsarbeidet reklamerer me gjerne for han. Brosjyren ligg ute på nettstaden til Språkrådet.

Språkrådet har hatt møte med Nav, Posten, Kunnskapssenteret for helsetenesta og Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet om mållova, i tillegg til ein presentasjon av mållova på sommarleiren til Norsk Målungdom. Mållovstilsynet har òg intervjuja Noregs vassdrags- og energidirektorat om målbruksarbeid til Språknytt og bidrege med korte notisar om mållova i *Statsspråk*.

I 2012 heldt me òg eit kortkurs på 45 minutt for Riksteatret. Dette kursopplegget er utgangspunktet for eit inspirasjonskurs som skal hjelpe statsorgan i gang med målbruksarbeidet. Ettersom me har sett liten framgang i målbruken hjå mange statsorgan dei siste åra, har språktenesta og tilsynet hatt møte med sikte på å setje i verk tiltak som aukar bruken av nynorsk i statstenesta. Eit av tiltaka er å utvide kurstilbodet.

Fleire rapporteringspliktige statsorgan

I 2012 gjekk Språkrådet òg gjennom lista over statsorgan under departementsnivå på regjeringa.no. Det er ein del statsorgan som ved ein feil tidlegare ikkje har rapportert. Dei har fått brev med melding om at dei skal rapportere frå og med 2012. Brevet følgjer dette skrivet som vedlegg.

Orientering om målbruksrapportering til Språkrådet

Språkrådet har tilsynsansvar med målbruken i statsorgan under departementsnivå, på oppdrag frå Kulturdepartementet. Føremålet med tilsynet er å sjå etter om fordelinga mellom målformene er i tråd med krava i *lov om målbruk i offentleg teneste* (mållova). Sentrale statsorgan leverer rapport til oss kvart år innan 31. januar. Språkrådet har no gått gjennom listene over aktuelle statsorgan under dei ulike departementa, og me har funne ut at det er nokre som ikkje har blitt bedne om å rapportere til oss. De er mellom dei, og difor bed me om at de rapporterer til Språkrådet for fyrste gong i januar 2013.

Om mållova

Målbruken i staten er regulert av *lov om målbruk i offentleg teneste* (mållova). De finn heile lova her: <http://www.lovdatab.no/all/nl-19800411-005.html>.

Gjennom rapporteringsordninga gjev de berre tilbakemelding om visse delar av målbruken dykkar. Det er difor viktig at de kjenner heile mållova, slik at de oppfyller krava på alle område. Regelen er at publikumsretta tekstar skal veksle mellom målformene slik at "ingen av dei to målformene skal vere representert med mindre enn 25 %" (*forskrift om målbruk i offentleg teneste* § 6). I tillegg skal alle skjema vere tilgjengelege i baa målformene.

Viktige å hugse på:

- Fristen for å rapportere er 31. januar.
- Mållova gjeld *publikumsretta* tilfang. Internkommunikasjon skal dermed ikkje rapporterast.
- Det er fordelinga i det *norskspråklege* tilfanget som skal målast. Eventuelt tilfang på andre språk skal ikkje teljast med.

Språkrådet har gjeve ut ein brosjyre med dei viktigaste reglane i mållova, som de kan ha nytte av i arbeidet. De finn brosjyren i elektronisk versjon her: <http://www.sprakradet.no/nb-NO/Toppmeny/Publikasjoner/Brosjyrar/> (dersom de ønskjer å få brosjyren i papirutgåve, kan de ta kontakt med oss). På nettstaden finn de òg fleire ressursar som kan vere nyttige i arbeidet, mellom anna nettkurs i nynorsk tilpassa statstilsette.

Om rapporteringa

Kring 170 sentrale statsorgan leverer kvart år om målbruk til Språkrådet. Rapporteringa gjeld skriftlege, publikumsretta tekstar, som blir delte inn i kategoriar. Det er lurt å halde oversyn over tilfanget i dei ulike kategoriane gjennom året, slik at de slepp å ta ei stor oppteljing på slutten.

Informasjon om rapporteringsordninga:

- I desember sender Språkrådet dykk eit skjema de skal fylle ut og levere innan 31. januar, med rettleiing til postane.
- De rapporterer i kategoriane nettsider, tekstar under 10 sider (døme: pressemeldingar, stillingslysingar osv.), papirtilfang over 10 sider (døme: årsmeldingar) og skjema.
- Innan rimeleg tid gjev Språkrådet tilbakemelding på rapporten dykkar, med eventuelle kommentarar til korleis de må arbeide for å oppfylle krava. Dersom de ligg langt unna kravet, bed Språkrådet om tilbakemelding på vidare arbeid.

Kontakt med Språkrådet

Statsorgan pliktar sjølve å orientere seg om lovverk dei er omfatta av, men mange statsorgan treng hjelp og tilbakemeldingar for å få ei god veksling mellom målformene. Difor ser me fram til å ha ein god dialog med dykk om målbruken dykkar frametter.

Dersom de har spørsmål om mållova, kan de ta kontakt med saksbehandlaren. Dei overordna departementa får kopi av dette brevet til orientering.

Venleg helsing

Arnfinn Muruvik Vonen

direktør

Astrid Marie Grov

rådgjevar

